



Kommunane i Hordaland

Dato: 24.04.2014

Vår ref.: 2014/14648-3

Saksbehandlar: maraskv

Dykkar ref.:

Den kulturelle spaserstokken 2014. Orientering til kommunane

Endring av Den kulturelle spaserstokken i 2014

Fylkeskommunane har fått i oppdrag frå Kulturdepartementet å overta handsaming av søknadar og fordeling av midlar til Den kulturelle spaserstokken. Kommunane i Hordaland vil difor bli invitert av fylkeskommunen til å søkje om midlar til gjennomføring av kulturtiltak for eldre.

Kulturtilbod til eldre

Den kulturelle spaserstokken er ei tilskotsordning for kommunesektoren øyremerka kultur for eldre. Målet for Den kulturelle spaserstokken er å legge til rette for auka samarbeid mellom kultursektoren og omsorgssektoren, slik at gode kunst- og kulturprosjekt for eldre lokalt, vert utvikla innanfor eit mangfold av sjangrar og uttrykk. Tilskot skal hovudsakleg nyttast til profesjonell kunst- og kulturformidling av høg kvalitet, gjerne i samarbeid med kunst- og kulturinstitusjonar, kunstnarar og andre kulturaktørar på lokalt eller regionalt nivå.

Tilskot skal ikkje erstatte kommunale tilskot til eksisterande eller planlagde satsingar eller tiltak som allereie er sikra finansiering. Det blir ikkje gitt tilskot til investeringar, utstyr, administrasjonstiltak, planleggingstiltak eller kompetanseutvikling.

Endring i ordninga

Frå 2007 til 2013 blei tilskot fordelt av Kulturdepartementet. For 2014 år vert midlane til Den kulturelle spaserstokken utbetalt til fylkeskommunane og fordelt vidare til kommunane. Dette inneber at kommunane skal søkje tilskot direkte frå fylkeskommunane og ikkje frå departementet.

For 2014 er det avsett 15,4 mill. kroner på budsjettet til Helse- og omsorgsdepartementet til Den kulturelle spaserstokken. Kulturdepartementet sin del blir finansiert av spelemiddeloverskotet og blir fastsett i mai/juni.

Innsending av rapport for bruk i 2013

Rapport for bruk i 2013 av midlar tildelt frå Den kulturelle spaserstokken i 2012 skal sendast Kulturdepartementet (postmottak@kud.dep.no) innan 1. mai 2014 med kopi til fylkeskommunen (kultur@hfk.no).

Søknad og handsaming i 2014

Det er kommunane som har høve til å søkje om midlar til ordninga. Tiltaka som får støtte skal vere gjennomførde innan 31. desember 2015.

Midlane for tilskotsordninga vil bli fordelt til kommunane i tråd med overordna formål for ordninga. Hordaland fylkeskommune vil sende brev til kommunane med nærmare informasjon innan starten av juni.

Anna Elisa Tryti
fylkesdirektør kultur og idrett

Marianne Ose Askvik
Rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.